

Håvard Halland og Knut Anton Mork

Håvard Halland, professor ved Edinburgh Business School, og Knut Anton Mork, professor emeritus ved NTNU og makroøkonom ved Garantum Wealth Management Norge as

Innlegg

Handlingsregelen er irrelevant for krigsprofitten

Jens Stoltenbergs viktigaste internasjonale forplikting som finansminister er å støtta Ukraina med det Noreg har tent på krigen.



Jens Stoltenberg har no, som finansminister, sjånse til å følgja opp det han stod for som generalsekretær i Nato, skriv Håvard Halland og Knut Anton Mork. (Foto: Fredrik Varfjell/NTB)

Publisert 24. februar 2025, kl. 17:00

Som generalsekretær i Nato oppmoda Jens Stoltenberg politikarar i Noreg og andre Nato-land til å bidra generøst til Ukrainas heltemodige motstand mot russisk aggresjon. Som norsk finansminister har han gitt pipa ein litt annan låt. No har det blitt viktig at norske bidrag til Ukraina vert haldne innanfor handlingsregelen.

Med det har Stoltenbergs posisjon tilsynelatande blitt identisk med hans forgjengar Trygve Slagsvold Vedums og statsminister Jonas Gahr Stores: Det er handlingsregelen som skal diktera mengda av norsk støtte som er tilgjengeleg for Ukraina, ikkje kva grad av støtte Ukraina treng for å halda stand i krigen mot Russland.



Håvard Halland
(Foto:)

Finansdepartementet har som kjent [rekna](#) ut at dei høge gassprisane i 2022 og 2023 gav den norske staten ekstraintekter på 1270 milliardar kroner. Desse inntektene kjem ikkje ut av eit vakuum. Dei er betalt av husstandar og bedrifter i våre europeiske naboland, i ei vanskeleg krigstid.



Knut Anton Mork
(Foto: Mikaela Berg)

Og det er svært mykje pengar dei måtte ut med: Ekstraintektene Noreg har fått frå høge gassprisar tilsvarar [verdien](#) av all amerikansk militær og sivil støtte Ukraina sidan krigen byrja vinteren 2022 fram til 1. januar i år.

Artikkelen fortsetter under annonsen

Sett ifrå våre europeiske nabolands perspektiv fungerte dei høge gassprisane som ein ekstraskatt som vesentleg svekka deira evne til å auka eigne skattar for å dekkja utgifter til støtte for Ukraina. Etter vår meining bør difor dei samla ekstraintektene gå til Ukrainas forsvar og gjenoppbygging.

Dette har me [skrive](#) om på det internasjonale kommentarforumet [Project Syndicate](#) og har fått brei støtte frå leiande media i Danmark, Tyskland og Frankrike. Den [danske reaksjonen](#) har forplanta seg vidare til norske media. Nokre få norske politikarar har uttrykt støtte. Men frå regjeringshald har haldninga konsekvent vore negativ.

Tre argument har blitt trekt fram, alle missvisande:

- For det første har regjeringa hevda at gassprisane blir påverka av mange faktorar, der krigen i Ukraina berre er ein av fleire.

Dette står ikkje til truande. Riktig nok er det mange faktorar som påverkar energiprisane. Men etter at Russland kutta gassforsyningane til Europa våren 2022, hadde Noreg i praksis monopol på gassleveransar til Europa fram til våre europeiske naboland fekk bygd importhammer for flytande naturgass som kan fraktast med skip. Denne monopolsituasjonen var ein direkte konsekvens av krigen i Ukraina og var utan tvil hovudårsaka til dei historisk høge gassprisane.

- For det andre trekkjer regjeringa fram at norske gassleveransar er viktige for å halda hjula i gong i Europa etter at Russland kutta sine forsyningar. Sant nok, men her gjorde Noreg og bedrifter som opererer på norsk sokkel lite anna enn å svara på marknadskreftene og behalda forteneasta sjølv. Samtidig har våre nordiske og baltiske naboland bidratt [meir](#) enn Noreg til Ukraina, som del av BNP.
- Men det tredje argumentet er kronargumentet, nemleg at all norsk inntekt frå olje og gass skal sparast til framtidige generasjonar ut over dei avgrensa uttaka som handlingsregelen tillèt. Og ja, me skal tenkja på framtidige generasjonar. Men her står både me, Europa og Ukraina overfor ein eksistensiell risiko. Pengar på bok vil vera mager trøyst for dei framtidige generasjonane dersom fridom og demokrati går tapt i prosessen.

Debatten om bruken av oljepengane i norsk økonomi er viktig. Men ekstraprofitten Noreg fekk av dei høge gassprisane i 2022 og 2023, var eit direkte resultat av krigen i Ukraina, altså krigsprofitt.

Handlingsregelen skal sørga for at formua me tener på å selja olje og gass vert bevarast til framtidige generasjonar, og for å bidra til kontroll av kronekurs og inflasjon. Regelen vart ikkje laga for å styra bruk av krigsprofitt. Sjølv sagt har me allereie bidratt til Ukraina. Men regjeringas 35 milliardar kroner i støtte for i år er mindre enn tre prosent av det me har tent på krigen.

Les også

Statsminister Jonas Gahr Støre er i Ukraina: – Norge er rede til å gi mer


UTENRIKS

Trump-administrasjonens sololop i forhandlingar med Russland gjer perspektiva framover usikre – og Europas rolle enno meir kritisk. Den amerikanske historikaren Timothy Snyder hadde den følgende [oppfordring](#) til europearar ved eit nyleg foredrag i Sorbonne-universitetet i Paris: Dersom der blir ein fredsavtale i Ukraina, «you should throw in everything you have to Ukraine — EU membership, troops, massive investment. Otherwise you will live in the shadow of war permanently».

Stoltenberg har no, som finansminister, ein sjånse til å følgja opp det han rettmessig stod for, som generalsekretær i Nato. Og Gahr Støre har ein sjånse til å endra standpunkt no som Jens Stoltenberg har tatt over finansministerposten.


(Vilkår)

Les også




Beskytte oss og Ukraina – og Oljefondet

KRONIKK | ABONNENT



Man bør ikke lage regler for alt – og særlig ikke for ekstraordinær oljepengebruk

INNLEGG



Oljefondet kan finansiere Europas opprustning

KRONIKK

Publisert 24. februar 2025, kl. 17:00

Oppdatert 24. februar 2025, kl. 17:00

Ukraina Krigen i Ukraina Oljepengebruk Handlingsregelen Jens Stoltenberg

Kopier lenke Lagre Eavis Bli varslet

Det som teller

Dagens Næringsliv er Norges fremste næringslivsavis. Siden 1890 har vi vært først med nyhetene om bransjene, bedriftene og menneskene som former samfunnet. Vi gir deg kunnskap, inspirasjon og grunnlag for gode valg.

Sjefredaktør og administrerende direktør

Janne Johannessen

Informasjon

Kundeservice
Min side

Annonse
Arkiv

Jobb i DN
RSS

Personvern

Personvern
Vilkår

Cookies
Cookieinnstillinger

Åpenhetsloven

Følg oss

Facebook
LinkedIn

Instagram

Redaktører

Kontakt

Tips oss

Abonner